

Statsforvalteren i Vestland

v/ Øistein Aasland

25.10.2024

## Innspel til oppstart av arbeid med ny forvaltningsplan for verneområda på Hardangervidda.

I dette skrivet finn de innspel frå dei private turisthyttene som er lokalisert innafor verneområda på Hardangervidda.

### ***Dagens forvaltningsplan og arbeidet med ny forvaltningsplan***

Me meiner at gjeldande forvaltningsplan er presentert på ein god måte slik den føreligg i dag. Den inneholder mykje nytig og framleis relevant informasjon, og gir gode og grundige omtalar av dei mange ulike funksjonane innafor verneområda. Døme på slike funksjonar er mellom anna kanalising av ferdsel, drift av turisthytter i tråd med begrepet naturleg friluftsliv, formidling av tradisjonar og kulturverdiar som er nedarva gjennom generasjonar og som framleis fungerar godt, alt dette sett i forhold til mellom anna dyreliv og miljøperspektiv. Det er uklart for oss om arbeidet som no skal starte opp er ei revidering av gjeldande forvaltningsplan eller om det skal utarbeidast ein ny forvaltningsplan. I dokumenta som ligg tilgjengeleg på Statsforvaltaren si side er det brukt begrep som «revisjon av forvaltningsplan» og «arbeid med ny forvaltningsplan».

### ***Tilstanden for villreinen som hovudutfordring***

Me stiller oss undrande til kvifor det vert lagt fram forslag om å la villrein verta eit av verneformåla. I nasjonalparken sin føremålsparagraf står det i dag mellom anna at dyrelivet skal bevarast. Etter vårt syn er villreinen allereie sikra gjennom omgrepet «dyreliv».

Det bør ikkje vera slik at for kvar gong det vert retta særleg fokus på til dømes ein særskilt dyreart eller planteart, så skal arten få særleg omtale og fokus i verneforskrifta. Verneforskrift bør etter vårt syn vera formulert slik at den kan fungere godt sjølv med evt. nye kvalitetsnormer, tiltaksplanar, stortingsmeldingar eller andre retningslinjer/regelverk. For villreinen sin del, vert det for tida jobba med særskilte dokument som grep for å sikre framtidige gode levevilkår. Det finst mellom anna allereie ei kvalitetsnorm for villrein, Stortinget har behandla stortingsmeldinga "Ein forbetra tilstand for villrein" og Regjeringa jobbar med tiltaksplan for villreinen på Hardangervidda.

### ***Besøksforvaltning - besøksstrategi for verneområda***

Det vert nemnt at statsforvaltarane som vernemynde vil gå i dialog med DNT og andre. Her ynskjer me også å verta invitert til dialog.

### ***Forslag om endringar i verneforskriftene***

Me ynskjer å kommenter nokre av dei mange opplista punkt for vurdering av endringar i verneforskrifter.

- Vurdere å innarbeide villrein som del av verneformålet for alle verneområda  
Vår merknad: Som omtala over. Kva med andre trua artar, eit aktuelt eksempel er fjellreven.
- Endre reglane om ferdsel i verneforskriftene, i tråd med naturmangfaldlova sine reglar om ferdsel i nasjonalpark og landskapsvernområde.  
Vår merknad: Reglar om ferdsel i verneområda bør ikkje vera strengare eller meir begrensande enn det som er regulert i Naturmangfaldlova.
- Vurdere heimel for å kunne regulere kiting, hundekøyring og annan ferdsel som ikkje er til fots, når det kan være til skade for verneverdiane.  
Vår merknad: Dersom det skal innførast slike reglar bør dei vera like for alle uansett om det er organiserte eller individuelle utøvarar. Ber elles om at relevante brukarmiljø for anna ferdsel vert tekne med ved utforming av slike nye reglar.
- Vurdere heimel for å kunne regulere opningstider for turisthytter i nasjonalparken.  
Vår merknad: Åpningstider må vera forutsigbare. Tidene kan ikkje variere frå år til år etter forvaltinga si «forgodtbefinnende». Eventuelle endringar må skje etter god og grundig dialog. Ikkje minst må det liggja godt kunnskapsgrunnlag i botn for slik regulering, kan ikkje vera grunngitt i synsing.
- Vurdere om gjeldande reglar som stiller krav til samordning av transport er hensiktsmessig.  
Vår merknad: Samordning er ein god ting. Me er usikre på om det trengst endring i forkriftsteksten for å kunne samordna transport.
- Vurdere om einskilde traktorsleper bør stengjast for sykling  
Vår merknad: Me forstår ikkje av kva grunn det skal differensierast på kvar ein kan sykle eller ikkje. Kvifor skal ein gjera regelverket vanskeleg å forstå og etterleva? Differensiering av traktorløyper bør vera unødvendig. Me klarar ikkje å sjå at syklende skal skade terrenget meir enn lovlege køyretøy.
- Vurdere om gjeldande reglar om forbod mot oppstilling av campingvogner o.l. langs Rv 7 og ved Byen er hensiktsmessig.  
Vår merknad: Me ber om at ordninga slik den vert praktisert i dag kan halde fram. Vesentlege endringar av lovverket kan koma i konflikt med lokale interesser for mellom anna jakt og fiske.

### **Kommentarar under informasjonsmøte**

På informasjonsmøtet i samband med oppstart av arbeidet vart det fremja nokre spørsmål og kommentarar. Me vil gje merknad til nokre av desse:

- Ein må ikkje gløyme historien.  
Vår merknad: Dette innspelet støttar me, og vil minne om at ein gjennom heile arbeidet må hugse på kva som står i formålsparagrafen til både nasjonalpark og landskapsvernområde.
- Tilgjengeleg informasjon om arbeidet med ny forvaltningsplan slik at alle som vil kan halde seg oppdatert på innspelet, kva som skjer, forslag osv.  
Vår merknad: Dette innspelet støttar me og vil be om at sidene hjå Statsforvaltaren vert helde oppdatert til ei kvar tid med all relevant informasjon.

## **Våre øvrige merknadar**

- **Besøkstal**

Gjeldande forvaltningsplan syner besøkstal for turisthyttene, både for DNT og private. Dei faktiske tal for overnatting må visast og det er forventa at det vert hente inn oppdaterte besøkstal slik at besøkstalutviklinga kjem fram.

- **Køyreløyve**

Det er i dag heimla i forskrifta at transport til turisthytter er lovleg. Det bør vera unødvendig å søkje om løyve til slikt formål. Rapportering av tal utførde turar etter kvar sesong bør sjølvsagt vera eit krav.

Venleg helsing

Besso turisthytte v/ Jan Tyssebotn  
Fagerheim fjellstugu v/ Inger Bjørlow  
Halne Fjellstugu v/ Geirmund Tormodsgard  
Hedlo turisthytte v/ Bente og Harald Myklathun  
Heinseter turisthytte v/ Knut Harald Brekke  
Stigstuv turisthytte v/ Katrine Myklatun